

Åheim 19.09.2017

## Referat FAU – Åheim skule

Stad: Åheim skule

Tid: Tirsdag 19.09.2017 kl 18.00 – 19.30

Desse møtte:

1.kl Anja Slagnes - v

2.kl Fråfall

3.kl Øyvind Bakke

4.kl Vidar Solheim, Lena L. Sande-v

5.kl Liz Berge,

6.kl Per Ove Brenne

7.kl Beate Hellebust Aasen-v

8.kl Wenche M. Berget

9.kl Mariann Sylte

10.kl Tone Lillebø - v

### SAKLISTE:

#### Sak 1/17-18: Val

Liz Berge vart vald til leiar. Mariann Sylte vart vald til nestleiar. Begge desse stiller som representantar i Samarbeidsutvalet (SU)/Skulemiljøutvalet (SMU).

#### Sak 2/17-18: Godkjenning av ordensreglane

Innspel på ordlyden i pkt 4 under «Brot på ordensreglane».

Der står:

4. Rektor kan i samråd med lærar vise ein elev ut av skulen i inntil ein dag for elevar i 1.-7.kl og inntil 3 dagar for elevar i 8.-10.kl. Dei føresette skal varslast.

Vert endra til:

4. Ved grove brot på ordensreglane kan rektor, i samråd med lærar, vise ein elev ut av skulen i inntil ein dag for elevar i 1.-7.kl og inntil 3 dagar for elevar i 8.-10.kl. Dei føresette skal varslast.

#### Sak 3/17-18: Godkjenning av Handlingsplan – Elevane sitt skulemiljø

Denne planen er ny for skuleåret 2017-18 og er laga med tanke på å støtte krava i Kap 9A i Opplæringslova. Ein gjekk gjennom planen som skal vidare til SU for endeleg godkjenning. FAU har høve til å melde inn innspel til FAU-leiar som vil ta desse med til SU/SMU.


#### Sak 4/17-18: Godkjenning av Verksemdplan 2017-2019

Rektor gjekk gjennom endringane i planen. Planen vart godkjend slik den låg føre.

#### Sak 5/17-18: Refusjonskrav i høve basketballstativ

Elevrådet søkte det førre FAU om støtte til innkjøp av basketballstativ og fekk innvilga dette.

Noverande FAU betalar inn kr 7500.- av nettosummen på ca 15 000.- Skulen dekkjer resten.



Telefon rektor: 700 30 381

Telefon inspektør: 700 30 382

Telefon pers.rom: 700 30 383

Telefon rådgjevar: 700 30 387

Telefon SFO: 700 30 388

Mobil rektor: 45 22 71 68

Epost: [bodil.holsvik@vanylven.kommune.no](mailto:bodil.holsvik@vanylven.kommune.no)

Postadresse: 6146 ÅHEIM

### **Sak 6/17-18: Nytt klatrestativ**

Åheim bygdeutvikling v/ Knut-Ingvald Bøstrand, søkte i lag med FAU-Åheim skule om tippemidlar til nytt klatrestativ. ÅBU har fått tildelt kr 200 000.- i tippemidlar. Prosjektet er stipulert til ein kostnad på kr 400 000.- der sjølv klatrestativet utgjer ca 250 000.-. Vidar og Øyvind tek kontakt med Knut-Ingvald for vidare arbeid med prosessen framover.

Rektor tek kontakt med kommunen v/økonomisjef og teknisk sjef i høve til å forskottere utgiftene via kommunen. Når denne garantien er gjeve, kan ein starte prosessen med innkjøp og oppsett av stativet.

Rektor kan ta på seg ansvaret med å føre rekneskaperen for prosjektet.

Tippemidlane vert utløynt når prosjektet er godkjent og ferdigstilt. Midlane vil ikkje dekkje alle utgiftene, så ein jobb står igjen i høve til å samle inn pengar. Dette bør vere fokus på komande bygdafest.

Leiar i ÅBU, Lars Tore Bakkebø er orientert om det som vart drøfta på dette møtet.

Referent  
Bodil Holsvik

